



Birger Andre Hansen
Vardane 75
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3700 - 16/118

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
05.01.2016

Svar om straumtilgang for gbnr 134/379 Hilland

Viser til e-post frå deg 29.12.2015 vedlagt situasjonsplan og BKK sin oversikt .

Straumforsyning til tomta er ikkje noko som kommunen stiller krav til, men det er ein føresetnad for drifta av ein bustad oppført etter dagens tekniske krav. Det vanlege ved tilrettelegging av felt er at avstikk for tilkopling for vatn og avløp er lagt fram til tomta, og kabel eller trekkerøyr frå el-koplingsboks er lagt fram til kvar enkelt tomt. Korleis straumtilkopling var tilrettelagt/skulle tilretteleggast for denne tomta, har ikkje kommunen opplysningar om . BKK Nett har tydeleg vis plan som viser kvar kabel for tilkopling skal vera lagt (for 15 år sidan?)

For å finna ut kva kjøpesummen for opprinneleg kjøp av tomta omfattar av tilrettelagt infrastruktur, må du prøva å få tak i opprinneleg skøyte/kjøpekontrakt. Eg veit at fleire personar kjøpte tomter med kjøpekontrakt lenge før reguleringsplanen var godkjent og før tomtene vart frådelt. Eg veit ikkje om kjøpekontraktene vart tinglyste. Denne aktuelle tomta vart frådelt i 1979.

Statens kartverk, tinglysingen kan skaffa skøyte og opplysningar om historikken for eigedommen. Dei har også ei side der du kan få innsyn i tinglyste data om eigedommen

<http://www.seeiendom.no/>

Ein del data (grunnboka) krev innlogging med BankID eller liknande.

Det er opp til deg, om du vil leita meir etter den forsvunne kabelen, eller gå rett på den dyre løysinga. Kven som til slutt skal betala ekstrarekninga, vert eit privatrettsleg spørsmål.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Birger Andre Hansen

Vardane 75

5911

ALVERSUND